



www.optima-ph.no

Bruk av Optima pH til hund

Ved hudplager

Tørr hud, sår og sprukken hud, kløe, lett akne(kviser), lette tilfeller av våteksem og andre overflatiske hudplager.

Bruk **Optima pH hudvask for dyr/hundeshampo** ved bading. Bruk så **Optima pH hudspray for dyr** eller **Optima pH gel** dagleg. Og bruk ikkje andre shampoar eller kjemikalier i det tidsrommet du brukar Optima!

Ulikt så godt som alle andre hundeshampoar fjernar ikkje **Optima pH hudvask for dyr/hundeshampo** feitt frå hud og pels. Hunden kan derfor vaskast så ofte som nødvendig. Vask med denne er derfor det første og viktigaste tiltaket ved kløe og andre hudplager. Fukt hunden med lunka vatn og gni inn shampoan slik at det skummar godt. Skyll med lunka vatn etter 1-2 min. Ved oppstart med Optima er det gunstig å vaska hunden kvar veke i 3 veker; deretter etter behov.

Ved moderate plager i øyrene(utan opne sår): Rens øyrene med **Optima pH øyrerens** eller dosèr 5-10 dropar i kvart øyre 1-2 g dagleg til plagene avtek. Deretter er det gunstig å bruka det 1-2 g pr veke. På denne måten kan plagene haldast i sjakk.

Ved forhudplager hos hannhund: Vask/skyll med utblanda **Optima pH hudvask for dyr** før første påføring. Bruk så **Optima pH forhudrens** dagleg til plagene avtek. Deretter kan bruksintervallet forlengast etter behov.

Ved mindre overflatesår: Vask med **Optima pH hudvask for dyr**. Bruk deretter **Optima pH gel** 1-3g dagleg. Bruk bandasje etter behov.

Ved mage/tarmplager: Bruk ca 50 ml mageregulator pr dag til ein hund på ca 20 kg i 5-10 dagar. Bland det ut i fôret. Det er også brukt 1-2 spiseskeier i maten dagleg over lang tid.

Optima inneheld eddik og andre organiske syrer. Dei har ei lukt som **flått** og andre småkryp ikkje likar. Mange har erfaring for at **Optima pH hudspray for dyr** reduserer flåttproblemet hvis sprayen blir brukt rett før turen i risikoterreng startar. Spray dei utsette delene på hunden, men pass på å ikkje få spray i augene. Ta evt med sprayflaska på turen og gjenta prosedyren.

Hundeutstyr og kennel: **Optima pH universalvask** er velegna til vask av alt utstyr til hund og til vask av kennel. Bruk av **Optima pH organiske syrer** etterpå forsterkar resultatet. Innhaldet av eddik gjer at desse er effektive mot lukt.

Legg til rette for dei gode bakteriane og unngå mange problem!
Magne Skjervheim, veterinær Optima Produkter AS